



Diesel til langt under kr. 10,-

Med gratis spylevæske og sterkt reduserte prisar på drivstoff var det lange køar og eit godt sal på bensinstasjonen i Uskedalen i dag. Knapphus vann priskrigen i høve til Staoil på Husnes. Det er lenge sidan literprisen på diesel har vore under kr. 10.- I dag var prisen kr. 9.89 på Husnes mot kr. 9,79 i Uskedalen. Vanleg bensin kosta kr. 11,90



Det var til tider lang kø fram til pumpene

Anve Gausvik og Christian Stensletten var godt nøgde med salet, eit betre sal enn forventa. Representanten frå Knapphus fortel at dei har kortsal for bedriftskundar og at ein også vil finna ei løysing med kort for private kundar. Oppstarten for den nyopna bensinstasjonen i Uskedalen lovar godt. Det er ein ryddig og moderne stasjon med ein tiltalande design.



Mange nytta høve til sikra seg gratis spylevæske

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland